



## Notat

Dato: 08.09.2016  
Arkivsak: 2016/412-20  
Saksbehandlar: knudjuv

---

**Til:** Utval for miljø og samferdel

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Svar på spørsmål om oppdaterte kostnader med E39 Stord - Os, indre linje

I møtebok for Utval for miljø og samferdsel 6. september er det teke med følgande oversending frå representanten Marte Hammer (Sv).

*«Viser til sak i Bergensavisen – BA 26. juni*

*<http://www.ba.no/nyheter/hordfast/statens-vegvesen/her-er-arsakene-til-at-hordfast-na-koster-39-milliarder-kroner/s/5-8-379006>*

*I samband med at Hordfastprosjektet har gått så dramatisk opp i pris, har det vore eit ønske om å få vurdert den indre traséen for sambandet på nytt. «Men til BT slo veivesenet denne tanken til jorden. De viste til en kostnadsberegning fra mai 2015. I den skal det gå frem at en vei om Fusa ville koste 40,7 milliarder kroner, nesten to milliarder kroner mer enn den valgte traseen med lang bro over Bjørnafjorden.»*

*Sjølve formålet med offentlegheitslova er å lese i § 1. Formål*

*«Formålet med lova er å leggje til rette for at offentleg verksemd er open og gjennomsiiktig, for slik å styrkje informasjons- og ytringsfridommen, den demokratiske deltakinga, rettstryggleiken for den enkelte, tilliten til det offentlege og kontrollen frå ålmenta. Lova skal òg leggje til rette for vidarebruk av offentleg informasjon.»*

*Avisa BA har bedt om at denne kostnadsberekninga frå mai 2015 vert gjort tilgjengeleg, men fått avslag med tilvising til offentlegheitslovas formuleringar om intern saksførebuing.*

*Spørsmål til samferdselsdirektøren:*

*Statens vegvesen har sjølv presentert desse tala i offentlegheita. I det tala vert presentert i offentlegheita så er ikkje desse tala del av ein intern saksførebuing meir, da er tala ein del av den offentlege debatten. For å styrke «informasjons- og ytringsfridommen, den demokratiske deltakinga [...] og for vidarebruk av offentleg informasjon spør eg etter underlagsgrunnlaget for denne kostnadsberekninga, og at den vert gjort tilgjengeleg for offentlegheita.»*

Samferdsledepartementet gav i desember 2013 Statens vegvesen i oppdrag å gå vidare med statleg planlegging av midtre linje. Det er stram framdrift i dette prosjektet, og det er ikkje ressursar til oppgåver som ligg utanfor oppdraget. Eit godt kostnadsoverslag for ei indre linje vil krevje ein god del arbeid.

Då Statens vegvesen i februar 2013 la fram KVVU med val mellom midtre og indre linje var kostnaden omtrent lik, vel 19 mrd.kr for dei to konsept, og med ein usikkerheit på 40 %. Kostnadsoverslaga var frå 2012 og hadde mellom anna ikkje med seg momsauken som kom ved årsskiftet 2012 /2013. Strekninga var frå Jektevik til Svegatjørn. Med prisstigning, momsending og utviding av veglinja vart prisen 27 mrd.kr i Rutevise utgreiingar (2015), framleis med usikkerheit på 40 %.

Ved bearbeiding av det midtre konseptet er linjene i kommunedelplanen blitt endra ut frå krav til kurvatur, naturmiljø og kulturminne, og ikkje minst geologiske vurderingar. Nyare kostnadsberekningar har enda på knappe 40 mrd.kr, no med ei usikkerheit på 25 %.

Skal ein gjere tilsvarande kvalitetssikra berekningar for indre linje vil det krevje ein god del arbeid. Ein vil få tilsvarande justeringar grunna stivare linje, natur- og kulturomsyn og med høgare meter-prisar. Ved ei enkel vurdering stipulerer Statens vegvesen at kostnadene ved ei indre linje ligg på same nivå som den midtre løysinga, men det er med ei usikkerheit på 40 % eller meir.